



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 31.01.25

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 23.01.2025

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Jens Ole Årdal, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes, Jofrid Nordstrand Forthun, Andreas Elster, Arvid Solås.

Forfall: Sjur Håvard Øygard.

Kopi av protokollen går til:

Medlemene i KSR, postmottak v. Høyanger kommune og kyrkjevevja.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknadar til innkalling og sakliste.

Godkjenning av referat frå møte 21.11.2024.

Ingen merknadar.

Godkjenning av e-post-vedtak i sak 21/24.

Vedtak:

Soknerådet aksepterer tilbodet frå smed Kjetil Torvund om sandblåsing av smijernsportane på Kyrkjebø. Lakkinga vert utført på dugnad i ettertid. Kostnaden til sandblåsinga dekkjer soknerådet i fyrste omgang av eigne midlar. Søknad om refusjon frå HKF vert å sende når faktura føreligg, og arbeidet er prioritert i HKF.

Samrøystes.

Sidan sist:

I ei runde rundt bordet, gjorde medlemene greie for aktivitetane dei hadde vore med på sidan sist møte. Det vart nemt deltaking på Kyrkje og misjonsdag ved Alværa misjonscenter, gjennomføring av adventstund på skulen, med avslutning i kyrkja. Deltaking på julekonsertar og julemesse og vidare utføring av teneste som kyrkjevert under gudstenestene.

Ved avvikling av julegudstenestene, kom det fram at det er det viktig å ha romsleg med tid mellom desse, slik at alle får god tid til å møte fram.

Postliste:

Leiar gjekk igjennom denne.

Leiar har fått tilsendt kopi av teikningane til vigsle-stolane i Kyrkjebø kyrkje.

Medlemene fekk sjå teikningane og høyre litt om historia bak desse.

Det har til no ikkje vore kjendst kvar stolane kom frå.

Ein vil ta vare på teikningane ved kyrkjekontoret.

Soknepresten har ordet.

Soknepresten snakka om tema dåp og symbolikken omkring denne handlinga.

Mat. kap 14.

Meldingssaker:**25001: Årsstatistikk for 2024.**

Leiar gjekk igjennom årsstatistikken slik den låg føre og nokre opplysningar vart justert på møtet. Det er positivt at det er aukanda tal deltakarar i gudstenestene og at så mange konfirmantar vel kyrkjeleg konfirmasjon.

Irene sjekkar statistikken på nytt før den vert send inn.

25002: Årshjulet for 2025.

Årshjulet, slik det låg føre, vart sendt ut til medlemene på førehand.

I delar av soknet er det få konfirmantar og mogelege framtidige endringar i høve dette faktum, vart lufta.

Det kom innspel til årsplan om at eit barnekor kanskje kan ha ein vårkonsert, leiar tek kontakt for å få til dette, og mogelege andre aktivitetar t.d salmepub vart lufta.

Årsmøte for soknet vert i bedehuskapellet, og flest mogeleg av medlemene bør delta.

25003: Høyringar frå Kyrkjerådet og KA

KA (kirkens arbeidgjevarorganisasjon) sin strategiplan for 2025-2029 vil fellesrådet uttale seg om. Det same gjeld for ordninga med tilskotsforvaltning i Den Norske Kyrkja, men her ynskjer HKF innspel frå sokna og høyringsfristen er 15.03.25.

Medlemene i KS har fått høyringane tilsendt via e-post.

Dette gjeld m.a. for tilskotsordningar i høve trusopplæring.

Medlemene i rådet må lese igjennom høyringane til neste soknerådsmøte og gjere sine betraktningar, slik at ein i dette møte kan gje ein uttale.

25004: Nye og fleire puter i kyrkjebenkane.

På møtet vart det orientert om den uheldige situasjonen med at det ofte er for få puter i kyrkjebenkane. Dette er ein "gjengangar" så saka har vore diskutert før. Etter litt diskusjon, kom medlemene på møtet fram til at ein ville prøve å opprette eit samarbeid med Saniteten, for å sjå om eit samarbeid her kan gjere det mogeleg å stette behovet.

Jofrid N. F. vil vere kontaktledd i høve dette initiativet.

25005: Helgestunder

Fellesrådet og redaksjonen i kyrkjebladet vil i vårhalvåret ha drøftingar om bladet, og ynskjer innspel frå sokna på m.a innhald, utforming, organiseringa og økonomi.

Medlemene diskuterte saka og drog fram ulike moment i diskusjonen, t.d.:

- papir/nett-utgåve, papirkvalitet, papirformat, kan fleire bidra med stoff, for eks.

konfirmantane, reklame, distribusjon post/e-post, andre og antal utgåver?
Soknerådet sine medlemmar i fellesrådet, vil bringe synspunkta vidare.

Vedtakssaker.

Sak 001/25: Årsmøte.

- a). Tidspunkt, stad.
- b). Årsmelding 2024.
- c). Rekneskap 2024.

Dato for årsmøte er allereie vedteke.

Medlemene hadde før årsmøte fått tilsendt førebels utarbeidd årsmelding og leiar gjekk igjennom denne. Etter nokre innspel, vart nokre endringar utførte.

Medlemene hadde før møtet fått tilsendt rekneskapen og leiar gjekk igjennom denne.

Vedtak:

Soknet sitt årsmøte vert halde etter kaffi-gudstenesta ved Vadheim Bedehusapell den 23.02.2025. kl. 1700.

Årsmøtesakene vert justerte i tråd med drøftingane i rådet, og slik lagde fram for årsmøtet.

Samrøystes.

Sak 002/25: Offertildeling 2025:

Rådet har tidlegare hatt ei prinsipiell drøfting av offer-tildelingane i sak 002/24.

Vedtak:

Same føremål vert tildelt offer både i Vadheim og ved Kyrkjebø. Leiar i soknerådet får mynde til å fordele offera til dei same føremål rådet avgjer, og i tid slik det høver til årshjulet og kyrkjeåret.

Samrøystes.

Sak 003/25: Kyrkjevertrolla.

Medlemene diskuterte ordninga i møtet og uttrykte positivitet i høve til det å vidareføre praksisen.

Vedtak:

Kyrkjerådsmedlemene fordeler kyrkjevert-rolla mellom seg og andre frivillige.

Datoar for kvar vert sett opp i soknerådsmøta, så langt ein har oversikt framover.

Samrøystes.

Sak: Ymse.

Medlemsfest:

Jofrid og Kari er med i komiteen.

Sak om medlemsfest vart diskutert og korleis ein bør gjere det i høve tidspunkt, invitasjon, mat, program, oppslag, osv.

Det kom fram synspunkt om å gjere mat og serveringsdelen litt enkel.

Jofrid og Kari arbeider vidare med saka og vil vere i dialog med den lokale butikk-kafeen.

Ole-Ivar kan vere kyrkjevert ved gudstenesta den 09.02.25.

Referent

Jens Ole Årdal

soknerådsmedlem.